

---

**Saksnr:** 2023/29750-7  
**Saksbehandlar:** Kristin Arnestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		30.05.2023

## Tildeling av breibandmidlar 2023

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune set av midlar til utbygging av breiband i følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Ullensvang	Røldal	kr 1 350 000
Vaksdal	8 område i Vaksdal. Dalegarden, Fossmark, Grøssvik, Gammersvik, Hana, Stavenes, Sandvik, Helle- og Sætravegen, Kallestad, Langhelle og Kjenes, Skreia	kr 2 010 000
Ullensvang	Aga	kr 125 000
Ullensvang	Frøynes	kr 125 000
Ullensvang	Lutro	kr 100 000
Eidfjord	BU	kr 700 000
Eidfjord	Simadalen	kr 1 300 000
Eidfjord	Hereid	kr 1 000 000
Eidfjord	Elvavegen	kr 1 000 000
Eidfjord	Brimnes	kr 250 000
Eidfjord	Erdal	kr 250 000
Voss	Stalheim	kr 1 750 000
Voss	Følkedal	kr 2 250 000
Eidfjord	Kvammen	kr 300 000
Eidfjord	Øvre Eidfjord	kr 1 500 000
Fjaler	Eina og Kviteblek	kr 700 000
Voss	Jordalen og Nosi	kr 980 000
Eidfjord	Isdalen	kr 1 700 000
Voss	Seimsgrend	kr 847 000

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert dersom førebuing til konkurranse tilseier det, eller når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

2. Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over Statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, og fylkeskommunale midlar frå plan, innovasjon og næring sitt budsjett 2023.
3. Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane og dekningstala stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.
4. Det blir gitt eit tilskot på 180 000 kr. til Haukaneset i Samnanger under føresetnad av at kommunen bidrar med minimum 10% eigenfinansiering.
5. Fylkesdirektøren får fullmakt til å jobbe vidare med følgjande område:

Kommune	Område
Askvoll	Løvik, Rørvik og Hestvik - Førdefjorden
Ullensvang	Hammaren
Høyanger	Restutbygging i Høyanger Kommune
Solund	Solund
Voss	Reppen Tvinne
Modalen	Nøttveit, Nygård og Steinsland

Fylkesdirektøren får fullmakt til å vurdere kva som er rett tilskotssum innanfor summen det er søkt om.

5. Resterande midlar disponible for breibandutbygging i Vestland blir lyst ut på nytt.

### Samandrag

I denne saka føreslår vi å tildele midlar til breibandutbygging i Vestland. Midlane skal delfinansiere utbygging i område der det ikkje er kommersielt lønsamt å bygge ut, og gje hustandar og verksemdar som i dag har 100 Mbit/s breiband betre dekning.

**Bård Sandal**  
avdelingsdirektør

**Sølve Dag Sundbø**  
seksjonssjef  
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Uprenta vedlegg

- 1 [Kriterium for tildeling av midlar til breiband 2023](#)

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune disponerer midlar frå staten og eigne midlar som skal gå til breibandutbygging i fylket. Størstedelen av midlane kjem frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), og det er sett ei rekke vilkår for bruk av midlar. I februar 2023 handsama hovudutvalet kriteria for ordninga (PS 9/2023), og det er desse kriteria utlysingsteksten og vurderingane i denne saka støttar seg på.

### Omtale av ordninga i 2023

Midlane må tildelast i tråd med den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging. Føremålet med ordninga er å bidra til at alle husstandar og verksemder får eit tilbod om breiband med god kvalitet. I tillegg kan midlane brukast til å auke kapasiteten på breibandet i områder der marknaden ikkje leverer tilfredsstillande kapasitet. Hovudkriteriet for måloppnåing er tal nye breibandaksessar som blir realisert gjennom ordninga.

Endringar i GBER (gruppeunnataksforordninga) blei innført i norsk rett i juni 2022, men blei ikkje gjort gjeldande for breibandordninga før 2023. Endringa fører til at vi kan støtte hustandar og bedrifter som har under 100 Mbit/s, og der det ikkje er truverdige kommersielle planar om utbygging av slik breiband. Tidlegare kunne vi berre støtte bygg som hadde under 30 Mbit/s. I praksis betyr det at nokre fleire bygg enn tidlegare kan få støtte. Desse bygga har hatt eit trådløst tilbod.

Prosjekta det vert søkt om støtte til skal vera teknologinøytrale, det vil seia at det til dømes ikkje kan stillast krav om fiberbreiband. Det er også eit krav at lokale bidrag samla sett for alle prosjekta som får støtte skal utgjere minimum 30% av tilskotssummen som fylkeskommunen får tildelt frå departementet. Lokale bidrag er støtte frå fylke, kommune, private aktørar og eigeninnsats. Fylkeskommunen har ansvar for at prosjekta blir gjennomført i tråd med regelverket for offentleg innkjøpt og statsstøtteregelverket. Som ein del av dette har vi meldt ordninga inn til ESA gjennom GBER-forordninga (gruppeunnataksordninga). Oppdragsbrevet inneheld også ei rekke andre krav knytt til tidsfristar for gjennomføring, krav til gjennomføring av konkurranse, rapportering med meir som fylkeskommunen må følge opp. Dette følgjer vi opp administrativt, og vi går ikkje i detalj inn på dette i denne saka.

Tidlegare hadde fylkeskommunen ansvar for å gjennomføre ei rettleiande kunngjering for å sjekke om det er eksisterande tilbod i områda i dag, eller kommersielle planar. No er det Nkom som gjer denne høyringa for heile landet. Vi har fått ei liste over alle bygg i Vestland som vi har høve til å støtte. På landsbasis er det vel 115 000 bygg som er støtteberettiga. Vestland har 9 480 av desse. Alle 9 480 har under 100 Mbit, og av desse igjen har 1 070 under 30 Mbit.

Det er dessverre ein del feil og manglar i listene. I nokre område er det for mange adresser med. Dette kan vere adresser i område der vi veit det er fiber i dag. Grunnen til avvika kan vere fleire, men ein grunn kan vere manglande innrapportering frå leverandørar.

Når hovudutvalet har vedteke tilskota for 2023 vil vi saman med kommunane førebu ei felles utlysing av midlar, og støtte kommunane gjennom kontraktsforhandlingar fram til kontrakt er inngått med leverandør.

### Utlysing

Det kom inn 26 søknader, frå 9 kommunar. Nokon kommunar har valt å sende inn ein samla søknad for alle områda i kommunen, andre har delt opp områda i enkeltvise søknadar. Samla søknadssum etter er 29,608 mill. kr. Dei totale prosjektkostnadane er langt større.

## Oversikt over søknadar

Kommune	Prosjekt/Områder	Søknadssum	Tal hushaldar/ bedrifter
Askvoll	Løvik, Rørvik og Hestvik - Førdefjorden	700 000	33
Eidfjord	Simadalen	1 300 000	17
Eidfjord	BU	700 000	28
Eidfjord	Brimnes	250 000	6
Eidfjord	Erdal	250 000	6
Eidfjord	Kvammen	300 000	7
Eidfjord	Hereid	1 000 000	21
Eidfjord	Elvavegen	1 000 000	72
Eidfjord	Øvre Eidfjord	1 500 000	15
Eidfjord	Isdalen	1 700 000	13
Fjaler	Eina og Kviteblek	700 000	9
Høyanger	Restutbygging i Høyanger Kommune	1 216 000	19
Modalen	Område i Modalen	2 000 000	10
Samnanger	Haukaneset	200 000	6
Solund	Solund	5 475 000	20
Ullensvang	Røldal	1 350 000	115
Ullensvang	Aga	125 000	15
Ullensvang	Frøynes	125 000	20
Ullensvang	Lutro	100 000	22
Ullensvang	Hammaren	100 000	12
Vaksdal	8 område i Vaksdal. Dalegarden, Fossmark, Grøssvik, Gammersvik, Hana, Stavenes, Sandvik, Helle- og Sætravegen, Kallestad, Langhelle og Kjenes, Skreia	2 010 000	115
Voss	Reppen Tvinne	1 680 000	31
Voss	Seimsgrend	847 000	10
Voss	Stalheim	1 750 000	27
Voss	Folkedal	2 250 000	41
Voss	Jordalen og Nosi	980 000	14
		<b>29 608 000</b>	<b>704</b>

Dei fleste søknadane er markert i fylkesatlas: [https://www.fylkesatlas.no/breiband\\_vlfk](https://www.fylkesatlas.no/breiband_vlfk) (temalag Breiband\_2023\_VLFK).

**Økonomisk ramme**

Den nasjonale ramma er på 362,685 mill. kr. og Vestland har fått vel 33 mill. kr. av desse. I tillegg til dette har hovudutvalet sett av 1 mill. kr. på eige budsjett for 2023.

<b>Økonomisk ramme per mai 2023</b>	
Ramme frå KDD	33 151 627 kr.
Fylkeskommunale midlar frå budsjett 2023	1 000 000
Sett av i PS 23/2022 til kartleggingsarbeid	- 500 000 kr.
<b>Sum tilgjengelege midlar for denne saka</b>	<b>33 651 627 kr.</b>

Vi har også fått overført midlar for 2022 til bruk i 2023. Desse skal gå til prosjekt som fekk tildelt støtte i 2022, dersom vi klarer å løyse dei ut innanfor regelverket. Eventuelle restmidlar frå dette og frå andre prosjekt må vi kome attende til. Vi har ein konkurranse ute no med tilbudsfrist i starten av juni, og vi førebur ny konkurranse med utlysing i slutten av juni eller i august.

**Vurdering og prioritering mellom søknadane****Rammer – må oppfylle vilkåra i regelverket**

Det første vi må gjere er å sjekke at søknadane er innanfor regelverket, og at dei opplysningane som ligg i søknadane er rette. Vi har kontrollert søknadane med støtteberettigta adressert som er kome fram etter kartlegging gjort av Nkom.

For nokre søknadar er det avvik mellom adressene som er gitt opp, og dei adressene som kan få støtte. Her har vi lagt opp til at fylkesdirektøren får fullmakt til å sjekke desse søknadane nærare og eventuelt tildele midlar.

Det er to søknadar utan kommunal eigendel. I utlysinga har vi skrive: *Vi føreset at kommunane sjølve bidrar med midlar i prosjektet. Det er ikkje stilt krav om ein gitt prosentsum frå kommunen. Men del kommunal finansiering vil bli vekta i tildelinga.*

### Tildelingskriterium for 2023

Dei overordna kriteria frå Nkom ligg i botn, dei slår fast at hovudkriteriet for ordninga er tal hustandar og verksemder som får tilbod om høghastigheitsbreiband som følgje av ordninga. Hovudutval for næring har lagt vekt på følgjande kriterium:

- Dekning i dag, og betring av tilbod – tal aksessar som får tilbod
- Kostnadseffektiv utbygging, tilskot per hustand og bedrift
- Lokal finansiering. Finansieringsdel frå kommunar, hustandar, bedrifter og andre
- Prosjekt med særleg stor samfunnseffekt

### Vurdering av søknadane

Vi har ikkje søknadar som overstig ramma, så vi har lagt opp til at alle som fyller kriteria får midlar, og ikkje hatt behov for å nytte tildelingskriteria fullt ut. Vi har likevel sett opp poeng for å illustrerer. Det har vore krevjande å skilje mellom dei to kategoriane med dagens dekning (under 100Mbit/s og under 30Mbit/s), så vi har valt å sjå på totalt tal aksessar som kan få støtte. Vi har også valt å ikkje vurdere skjønnskategorien, då denne er mest for å skilje prosjekt som elles står likt. Elles er vedlagte evalueringskriterier er nytta for å vekta søknadane opp mot kvarandre. Kriteria har fått poeng etter ein skala frå 1 til 5, der 5 er høgast.

Søknadane er rangert slik:

Kommune	Område	Tal aksessar	Kostnads-effektivitet	Lokal medfinansiering	Samla poengsum	Søknadssum
Ullensvang	Røldal	5	5	5	5,00	1 350 000 kr
Vaksdal	8 område i Vaksdal. Dalegarden, Fossmark, Grøssvik, Gammersvik, Hana, Stavenes, Sandvik, Helle- og Sætravegen, Kallestad, Langhelle og Kjenes, Skreia	5	5	3	4,60	2 010 000 kr
Ullensvang	Aga	2	5	5	3,65	125 000 kr
Ullensvang	Frøyenes	2	5	5	3,65	125 000 kr
Ullensvang	Lutro	2	5	5	3,65	100 000 kr
Åskvoll	Løvik, Rørvik og Hestvik - Førdefjorden	2	4	4	3,25	700 000 kr
Ullensvang	Hammaren	1	5	5	3,20	100 000 kr
Eidfjord	BU	2	4	2	2,85	700 000 kr
Eidfjord	Hereid	2	3	2	2,65	1 000 000 kr
Høyanger	Restutbygging i Høyanger Kommune	2	2	2	2,45	1 216 000 kr
Solund	Solund	2	1	3	2,45	5 475 000 kr
Voss	Reppen Tvinne	2	2	2	2,45	1 680 000 kr
Voss	Stalheim	2	2	2	2,45	1 750 000 kr
Voss	Folkedal	2	2	2	2,45	2 250 000 kr
Eidfjord	Simadalen	2	1	2	2,25	1 300 000 kr
Eidfjord	Øvre Eidfjord	2	1	2	2,25	1 500 000 kr
Eidfjord	Brimnes	1	3	2	2,20	250 000 kr
Eidfjord	Erdal	1	3	2	2,20	250 000 kr
Eidfjord	Elvavegen	0	5	2	2,15	1 000 000 kr
Eidfjord	Kvammen	1	3	1	2,00	300 000 kr
Fjaler	Eina og Kviteblek	1	1	3	2,00	700 000 kr
Samnanger	Haukaneset	1	4	0	2,00	200 000 kr
Voss	Jordalen og Nosi	1	2	2	2,00	980 000 kr
Eidfjord	Isdalen	1	1	2	1,80	1 700 000 kr
Voss	Seimsgrend	1	1	1	1,60	847 000 kr
Modalen	Nøttveit, Nygård og Steinsland	1	1	0	1,40	2 000 000 kr

Poenga er vekta jamfør tildelingskriteria. Poenga er difor eit uttrykk for score på kvart punkt og kan ikkje summerast direkte.

Vi har nokre prosjekt der det er ukklarheit knytt til adressene som er oppgitt i søknaden. Kor store ukklarheit varierer frå søknad til søknad. Vi rår til at administrasjonen får fullmakt til å jobbe vidare med desse prosjekta for å halde framdrifta, og om mogleg få dei godkjent og lyst ut i ein konkurranse. Dette gjeld følgjande prosjekt:

Når det gjeld søknadane frå Modalen og Samnanger så har dei ikkje lagt inn lokal finansiering (midlar frå kommune eller hustandar) i det heile. Dei andre søknadane har mellom 12% og 67% lokal finansiering. Sjølv om det ikkje er stilt krav om ein prosentsats frå kommunen meiner vi at det bør forventast at kommunen deltek med noko. Vi tenkjer det ikkje er urimeleg å gje eit tilskot føreset at kommunen går inn med minimum 10% lokal finansiering.

Oversikt over prosjekt det bør jobbast meir med:

Kommune	Område	Kommentar
Askvoll	Løvik, Rørvik og Hestvik - Førdefjorden	Adressene frå kommunen er ein god del fleire enn det som er godkjent av Nkom. Vi trur dette kan stemme, og at det er grunnlaget frå Nkom som er feil fordi det tidlegare har vore radioutbygging i området. Vi før føreta ei ny høyring i området for å få med alle adresser.
Ullensvang	Hammaren	Adressene frå kommunen er ikkje omfatta av det som er godkjent av Nkom. Vi trur dette kan stemme, og at det er grunnlaget frå Nkom som er feil fordi det tidlegare har vore radioutbygging i området. Vi før føreta ei ny høyring i området for å få med alle adresser.
Høyanger	Restutbygging i Høyanger Kommune	Her er det også stort avvik i adresser. Noko kan skuldast tidlegare tilskot til prosjekt som ikkje er bygd.
Solund	Solund	Her er det litt avvik i adresser. Vi vil sjå nærare på dette område. Særleg sidan det er ein høg søknadssum og kvar adresse utgjør ein stor kostnad.
Voss	Reppen Tvinne	Her er det relativt stort avvik mellom adresser søkt om, og adresser som er godkjent. Vi vil sjå nærare på dette område.
Samnanger	Haukaneset	Adresser ser greie ut, men kommunane går ikkje inn med medfinansiering. Vi foreslår å gje eit tilskot på 180 000 kr. Under føresetnad at kommunen stiller med 10% (20 000 kr.).
Modalen	Nøttveit, Nygård og Steinsland	Her er det ukklarheit knytt til adresser, og behov for å sjå meir på område. Det er heller ikkje lagt inn lokal finansiering. Vi må sjå nærare på godkjente adresser, og vi foreslår at eit eventuelt tilskot blir gitt med krav om minimum 10% lokal finansiering.

### Restmidlar

Summen det er søkt om i denne runda er mindre enn det som er tilgjengeleg. Det er nok ein del kommunar som er ferdig utbygt, eller berre har nokre få adresser som dei ikkje vil søkje om støtte til. Men det er nok fleire kommunar som burde søke om tilskot. Vi ynskjer å lyse ut resterande midlar på nytt, saman med eventuelle restmidlar. Ny tildelings sak blir lagt fram til hovudutvalet seinare i år.

### Vedtakskompetanse

Punkt 3 i reglement for hovudutval for næring. Utvalet har avgjerdsmynde i saker knytt til fordeling av statleg tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål, og i tilskotsaker vedkomande regional utvikling

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tilskotet vert dekkja av midlar disponible på innovasjon og næring sitt budsjett for 2023, og midlar overført frå Kommunal- og distriktsdistriktsdepartementet

**Klima:** Eit godt breibandtilbod kan spare reiser i samband med mellom anna møter, og er eit godt klimatiltak

**Folkehelse:** Lik tilgang til digital infrastruktur i heile fylket er viktig

**Regional planstrategi:** Breiband blir handsama i Regional plan for innovasjon og næringsutvikling Strategi 3.3 i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur og sikrar mobilitet og digitale tenester. Breiband er også eit sentralt i Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næring, der ein av strategiane er å sikre god digital infrastruktur og tenester i heile fylket. Vi viser også til framlegg til Temaplan breiband og digitalisering.

## Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å sette av midlar til følgjande område:

Kommune	Område	Tilskot
Ullensvang	Røldal	kr 1 350 000
Vaksdal	8 område i Vaksdal. Dalegarden, Fossmark, Grøssvik, Gammersvik, Hana, Stavenes, Sandvik, Helle- og Sætravegen, Kallestad, Langhelle og Kjenes, Skreia	kr 2 010 000
Ullensvang	Aga	kr 125 000
Ullensvang	Frøynes	kr 125 000
Ullensvang	Lutro	kr 100 000
Eidfjord	BU	kr 700 000
Eidfjord	Simadalen	kr 1 300 000
Eidfjord	Hereid	kr 1 000 000
Eidfjord	Elvavegen	kr 1 000 000
Eidfjord	Brimnes	kr 250 000
Eidfjord	Erdal	kr 250 000
Voss	Stalheim	kr 1 750 000
Voss	Folkedal	kr 2 250 000
Eidfjord	Kvammen	kr 300 000
Eidfjord	Øvre Eidfjord	kr 1 500 000
Fjaler	Eina og Kviteblek	kr 700 000
Voss	Jordalen og Nosi	kr 980 000
Eidfjord	Isdalen	kr 1 700 000
Voss	Seimsgrend	kr 847 000

Summane er maksimaltilskot og kan bli justert dersom førebuing til konkurranse tilseier det, eller når endeleg kontrakt for utbygginga ligg føre.

Tilskota vert dekkja med midlar tildelt fylkeskommunen over statsbudsjettet kap. 541, post 60 til breibandutbygging, samt midlar frå næring sitt 2023-budsjett.

Tilskota blir gitt under føresetnad av at opplysningane i søknadane stemmer, og at prosjekta kan gjennomførast i tråd med dei nasjonale retningslinene.

Vi rår også til at det blir gitt eit tilskot på 180 000 kr. til Haukaneset i Samnanger under føresetnad av at kommunen bidrar med minimum 10% eigenfinansiering.

Fylkesdirektøren ber om ei fullmakt til å jobbe vidare med følgjande område:

Kommune	Område
Askvoll	Løvik, Rørvik og Hestvik - Førdefjorden
Ullensvang	Hammaren
Høyanger	Restutbygging i Høyanger Kommune
Solund	Solund
Voss	Reppen Tvinne
Modalen	Nøttveit, Nygård og Steinsland

Administrasjonen vil jobbe vidare med prosjekta innanfor rammene for ordninga og dei opplysningar som er gitt i denne saka.

Summen det er søkt om i denne runda er mindre enn det som er tilgjengeleg. Vi ynskjer å lyse ut resterande midlar på nytt, saman med eventuelle restmidlar. Ny tildelingssak blir lagt fram til hovudutvalet seinare i år.